



## Notat

Dato: 02.05.2014  
Arkivsak: 2014/240-8  
Saksbehandlar: hilklep

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Korrespondanse mellom kystbussar og lokalruter på Leirvik

På møte i samferdselsutvalet den 22.01.14 stilte Alf Helge Greaker (V) fylgjande spørsmål:  
*I samband med korrespondanse mellom kystbussar og lokalruter på Leirvik vert Skyss beden om å regulere dei ulike lokalbussavgangane slik at dei harmonerer med ekspressbussane sine ankomstar på Leirvik.*

I ruteplanlegging er det krevjande å få alle avgangar med ulike reisemiddel til å korrespondere, og ein må difor gjera prioriteringar. På Leirvik er det mange korrespondansar å ta omsyn til, m.a. mot snøggbåtrutene. Skyss har prioritert å sikra korrespondanse for elevar som reiser med skuleskyss og dagpendlarar.

Skyss arbeidar for å få til gode korrespondansar mellom lokale buss- og snøggbåtruter og ekspressbussrutene i den grad det er mogleg. I dette er det ei utfordring at dei kommersielle rutene har andre endringsmønstre enn Skyss har på sine lokale ruter.